

Alle fylkeslag

Ny opplæringslov: Tilpassa opplæring og individuell tilrettelegging

Ved starten av skuleåret 2024/25 vart ny opplæringslov sett i kraft. Opplæringslovutvalet sin *NOU 2019:23 Ny opplæringslov*, danna grunnlaget for Kunnskapsdepartementet sitt lovarbeid og framlegg til ny opplæringslov som vart sendt på høyring i august 2021.

I mars 2023 sendte Kunnskapsdepartementet eit lovframlegg til Stortinget (*Prop. 57 L (2022–2023) Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)*). Etter Utdannings- og forskingskomiteen si handsaming og innstilling (Innst. 442 L (2022-2023)), vart ny opplæringslov vedtatt i Stortinget i juni 2023.

Overordna inneheld ny opplæringslov nye reglar, vidareføring av tidlegare reglar og justeringar av reglar i opplæringslova frå 1998.

Denne fylkesinfoen gjer greie for nye reglar i opplæringslova kapittel 11 (tidlegare i hovudsak kapittel 5) som handlar om tilpassa opplæring og individuell tilrettelegging.

Bakgrunn

Kapittel 11 *Tilpassa opplæring og individuell tilrettelegging* i ny opplæringslov er i hovudsak ei vidareføring av reglane i tidlegare lov med språklege justeringar og med ei målsetjing om tydelegare plikter. Reglar i forskjellige kapittel i tidlegare lov som naturleg høyrer saman, er samla i dette kapitlet.

Formuleringa i mange av paragrafane om at *Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for ...* strekar under at kommunen og fylkeskommunen har det overordna juridiske og økonomiske ansvaret for at rettar og plikter i lova vert oppfylte. Dette går også fram av opplæringslova §§ 28-1 og 28-2, og av reglane om internkontroll i kommunelova § 25-1.

Skolen vert brukt som pliktsubjekt nokre stader fordi pliktene vert oppfylte på skulenivå, men det er framleis kommunen og fylkeskommunen som har det juridiske og økonomiske ansvaret for at krava vert oppfylte.

§ 11-1 Tilpassa opplæring
Vidarefører tidlegare § 1-3.

Paragrafen og merknaden til paragrafen presiserer kva som vert meint med tilfredsstillande utbytte av opplæringa – innanfor eit fellesskap. Kva som er «tilfredsstillande utbytte av opplæringa» er ei skjønnsvurdering basert på fagleg-pedagogisk kunnskap og erfaring. Formuleringa *Alle skal få utnytta og utvikla evnene sine* inneber at tilpassa opplæring også gjeld for elevar med stort læringspotensial.

Endringane er ikkje meint å vere realitetsendringar.

§ 11-2 Tilfredsstillande utbytte av opplæringa

Vidarefører tidlegare § 5-4.

Paragrafen presiserer plikta til å følgje med på utvikling til eleven og melde frå til rektor ved tvil om eleven har tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Skulen skal vurdere om det er behov for eigne tiltak, og om desse tiltaka er tilstrekkelege til å sikre tilfredsstillande utbytte. Det følgjer ikkje ein spesifikk rett til tilfredsstillande utbytte med denne plikta, men dersom ein elev ikkje får tilfredsstillande utbytte av opplæringa, vert ei plikt utløyst til å undersøke om eleven har behov for individuelt tilrettelagt opplæring.

PPT skal samarbeide med og støtte skulen i dette arbeidet. I forarbeida til lova vert det presisert at dette samarbeidet krev at skulen og PPT utviklar felles mål, rutinar og planar, og at desse vert vurderte jamleg.

§ 11-3 Intensiv opplæring på 1. til 4. trinn

Vidarefører tidlegare § 1-4 med språklege endringar.

Intensiv opplæring har erstatta tidleg innsats i tidlegare lov.

Den intensive opplæringa skal skje innanfor klassefellesskapet, men kan i ein kort periode bli gitt som eineundervisning dersom det er til det beste for eleven.

§ 11-4 Personleg assistanse

§ 11-5 Fysisk tilrettelegging og tekniske hjelpemiddel

§ 11-6 Individuelt tilrettelagd opplæring

Vidarefører §§ 5-1, 2-14 og 3-10 i tidlegare lov.

Spesialundervisning i tidlegare lov er delt i tre separate rettar i ny lov:

- Personleg assistanse
- Fysisk tilrettelegging og tekniske hjelpemiddel
- Individuelt tilrettelagt opplæring

Nemninga spesialundervisning er endra til individuell tilrettelegging i ny lov. Spesialundervisning vert ikkje nytta i ny lov.

Delinga tar sikte på å skilje mellom det som er knytt til måla for opplæringa i fag og det som er annan aktivitet, og å skilje mellom oppgåver som krev lærarkompetanse og oppgåver som andre enn lærarar kan utføre. Individuelt tilrettelagt opplæring er knytt direkte til opplæringa i fag og overordna del av læreplanen. Personleg assistanse og fysisk tilrettelegging og tekniske

hjelpemiddel er ikkje knytt direkte til opplæring i fag, men kan vere ein føresetnad for at eleven skal kunne delta i og ha utbyte av opplæringa.

Før einskildvedtak om individuelt tilrettelagt opplæring skal det liggje føre ei sakkunnig vurdering. Det er i utgangspunktet ikkje krav om sakkunnig vurdering før einskildvedtak om personleg assistanse og fysisk tilrettelegging og tekniske hjelpemiddel. Det følgjer av forvaltningslova § 17 at ei sak skal vere så godt opplyst som mogleg før vedtak vert fatta. Det kan innebære at det også må hentast inn sakkunnig vurdering før det vert fatta vedtak om personleg assistanse og fysisk tilrettelegging og tekniske hjelpemiddel.

Dersom ein elev som har rett til individuelt tilrettelagt opplæring, også har rett til personleg assistanse og fysisk tilrettelegging og tekniske hjelpemiddel, skal den sakkunnige vurderinga gje ei heilskapleg vurdering av kva for tilrettelegging eleven treng, jf. § 11-7 første ledd.

§ 11-7 Vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring og krav om sakkunnig vurdering

Vidarefører §§ 5-3, 5-4 og 5-5 i tidlegare lov.

PPT skal utarbeide ei sakkunnig vurdering før det vert fatta einskildvedtak om individuelt tilrettelagt opplæring. Elev eller føresette må samtykke til at det vert utarbeidd sakkunnig vurdering.

Det følgjer ikkje eksplisitt av lovteksten, men departementet legg i forarbeida til grunn at ein elev eller føresette som meiner at ein elev ikkje får tilfredsstillande utbyte av opplæringa, kan også sjølv krevje at kommunen/fylkeskommunen i eit einskildvedtak skal ta stilling til om ein elev har rett til individuelt tilrettelagd opplæring.

Ei sakkunnig vurdering skal vere uavhengig og fagleg grunngjeve, og er rådgjevande for kommunen og fylkeskommunen. Den sakkunnige vurderinga skal alltid følgjast opp av eit einskildvedtak, uansett tilråding. Det skal fattast eit einskildvedtak både når ein gir rett til individuelt tilrettelagd opplæring og når ein avviser slik opplæring. Den sakkunnige vurderinga kan berre fråvikast dersom kommunen og fylkeskommunen meiner eleven kan få tilfredsstillande utbyte av opplæringa på annan måte. Ei slik avgjerd skal grunngjevast og elev og føresette kan klage på avgjerda.

Eit einskildvedtak om individuelt tilrettelagd opplæring stadfestar eleven sin individuelle rett, og rammar inn eleven sitt opplæringstilbod. Tilbodet om individuelt tilrettelagd opplæring skal utarbeidast i samråd med elev og føresette, og det er ikkje høve til å setje i gong individuelt tilrettelagd opplæring før det er fatta eit einskildvedtak.

§ 11-8 Kva den sakkunnige vurderinga skal innehalde

Vidarefører § 5-3 i tidlegare lov.

Den sakkunnige vurderinga skal som minimum greie ut fem forhold:

- a) eleven sitt utbyte av opplæringa
- b) kvifor eleven ikkje har eller kan få tilfredsstillande utbyte av opplæringa
- c) kva som er realistiske opplæringsmål for eleven
- d) kva for tiltak som kan gje eleven tilfredsstillande utbyte av opplæringa
- e) kva for kompetanse dei som skal gje opplæringa bør ha dersom det skal gjerast unntak frå kompetansekrav etter § 11-9 andre og tredje ledd.

Ordlyden i punkt b) er endra. I tidlegare opplæringslov skulle PPT ta stilling til læreansvar hos eleven. Dette er no endra til å i større grad vurdere det ordinære opplæringsstilbudet og dei føresetnadane som ligg til grunn for å kunne gje eleven tilfredsstillande utbyte. Ein skal no vurdere breiare. Dette er eit skifte i fokusering som kanskje vil medverke til å sjå meir bort frå at «det er noko ved eleven», til dømes ein diagnose, som utløyser denne retten. Punkt e) er nytt.

§ 11-9 Kompetansekrav for den som skal gi individuelt tilrettelagd opplæring
Vidarefører § 5-5 i tidlegare lov.

Dei som skal gje individuelt tilrettelagt opplæring, må oppfylle kompetansekrava for tilsetjing i lærarstilling og krav om relevant kompetanse i faget det skal undervisast i.

Desse kompetansekrava kan fråvikast. Føresetnaden for å fråvike kompetansekrava er at

- det vil gje eleven betre opplæring (enn det ein person med lærarutdanning kan gje)
- personen som skal gje opplæringa har ei universitets- og høgskuleutdanning
- denne utdanninga må gjere personen særleg eigna til å ivareta behova til eleven.

§ 11-8 bokstav e) strekar under at den sakkunnige vurderinga skal greie ut kva for kompetanse denne personen treng.

Forarbeida til loven peikar på at dette kan vere audiopedagog, logoped, psykolog, barnevernspedagog. Lista er ikkje uttømmende.

§ 11-10 Individuell opplæringsplan
Vidarefører § 5-5 i tidlegare lov.

§ 11-11 Årleg evaluering av utbyttet av den individuelt tilrettelagde opplæringa
Vidarefører § 5-5 i tidlegare lov.

Det vert presisert i forarbeida at krava til undervegsvurdering gjeld fullt ut også for elevar som får individuelt tilrettelagd opplæring.

§ 11-12 Alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK)
Vidarefører §§ 2-16 og 3-13 i tidlegare lov.

§ 11-13 Pedagogisk-psykologisk teneste

Vidarefører § 5-6 i tidlegare lov med utdjuping og presisering.

Kommunar og fylkeskommunar skal ha ei pedagogisk-psykologisk teneste (PPT), eventuelt som ei felles teneste med andre kommunar/fylkeskommunar. Kommunar og fylkeskommunar er juridisk og økonomisk ansvarleg for PPT, og skal sikre at dei har kompetanse og ressursar til å utføre lovpålagde oppgåver.

Det er ein politisk ambisjon at PPT skal vri innsatsen frå sakkunnighetsarbeid til meir førebyggjande arbeid. Det vert lagt til grunn at PPT sin spesialistkompetanse skal innebere støtte og rettleiing der denne kompetansen er eit relevant og nødvendig supplement til skulane sin eigen breie og sterke generalistkompetanse.

Ny opplæringslov tydeleggjer og presiserer PPT sitt arbeid med systematisk og førebyggjande arbeid overfor skulane. Tenesta skal støtte og rettleie skulane i tilrettelegginga av opplæringa og i å setje inn tiltak så tidleg som mogleg ved behov. Tenesta skal også hjelpe skulane med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for at opplæringa skal bli så inkluderande og godt tilrettelagt som mogleg. Målsetjinga er at denne omlegginga skal styrke den ordinære opplæringa slik at behovet for individuelt tilrettelagd opplæring vert mindre.

§ 11-14 Læremiddel for individuelt tilrettelagd opplæring

Vidarefører § 5-9 i tidlegare lov.

Betydning for Utdanningsforbundet

Utdanningsforbundet har i arbeidet med ny opplæringslov støtta ei vidareføring av elevrettar i tidlegare opplæringslov. Dette inneber blant anna støtte til nye omgrep og intensjonen bak omlegginga av den pedagogisk-psykologiske tenesta.

Utdanningsforbundet har samstundes vore tydeleg på at elevar sin rett til individuelt tilrettelagd opplæring må sikrast betre i ny lov. Krav om sakkunnig vurdering, styrka krav til kompetanse for å gje individuelt tilrettelagd opplæring og betre rammer for den pedagogisk-psykologiske tenesta har vore prioriterte område for Utdanningsforbundet.

Utdanningsforbundet har støtta at forsterka innsats gjeld i heile grunnskulen, med utviding til også å omfatte ein tilsvarande rett i vidaregåande opplæring. Utdanningsforbundet tek til orientering at intensiv opplæring framleis berre skal gjelde tre av dei grunnleggjande dupleikane lesing, skriving og rekning. Grunngevinga for ikkje å la resten av opplæringa omfattast av ordninga med intensiv opplæring, synest i stor grad å vere økonomisk fundert opp mot norma for lærartettleik i grunnskulen. Utdanningsforbundet har vore usamd i denne avgrensinga.

Utdanningsforbundet har støtta ei tredeling av tidlegare rett til spesialundervisning, ved å skilje ut personleg assistanse og fysisk

tilrettelegging som separate rettar. Organisasjonen har argumentert for at dette kan bidra til å klargjere kriteria for kva som utløyser rett til individuelt tilrettelagd opplæring og korleis retten kan bli oppfylt.

Det har vore Utdanningsforbundets si vurdering over tid at mange elevar med rett til spesialundervisning har fått eit tilbod om opplæring av personar som verken har pedagogisk eller spesialpedagogisk kompetanse. Utdanningsforbundet tolkar ny § 11-9 som ei innskjerping av kompetansekrava samanlikna med tidlegare § 5-5.

Utdanningsforbundet har arbeidd for at omfanget av situasjonar der det skal utarbeidast sakkunnige vurderingar, burde vidareførast i ny lov. Dette gjeld blant anna vedtak om personleg assistanse og fysisk tilrettelegging og bruk av tekniske hjelpemiddel.

I forarbeida har departementet ikkje ønska å utvide mandatet til å gjelde «alle elevar», og syner til at dette ville ha ført til «en vesentlig økt arbeidsbyrde for tjenesten». Dette er også noko av grunngjevinga til departementet for at det ikkje er behov for å vurdere ei bemanningsnorm i PPT. Utdanningsforbundet er usamd i denne vurderinga.

Vidare legg departementet til grunn at omfanget av det førebyggjande arbeidet og arbeidet med tidleg innsats, må tilpassast etter kor mykje ressursar som vert frigjort når arbeidet med sakkunnige vurderingar forventast å gå ned. Utdanningsforbundet har meint at denne tilpassinga kan slå svært uheldig ut, særleg for dei mindre tenestene. Utdanningsforbundet har peika på ei uro for at fleire tenester ikkje vil klare å etterleve det nye mandat for tenesta.

Vedlegg:

[Veileder om tilpasset opplæring og individuell tilrettelegging | udir.no](https://udir.no/veileder-om-tilpasset-oppl%C3%A6ring-og-individuell-tilrettelegging)

Morten Solheim
Seksjonsleiar

Einar Ove Standal
Seniorrådgjevar